

Kyrkje- helsing

nr. 5, desember 2005

Kyrkjelydsblad for Osterøy



OSS ER EIN EVIG FRELSAR FØDD!

Einar J. Selvik - 05

Ved.
Olav Meltvik



Tradisjonar

I dette julenr. hev me med minne frå jul i eldre tid, ungdomstankar og ein person i kvar kyrkjesokn som fortel om sin julesalme. Dette er postar som hev vore med no i fleire år, så no er det nesten tradisjon. Men i "Kyrkjehelsing" er ikkje tradisjonane fastlåste. Me er opne for innspel frå lesarane.

Julehøgtida ber i seg mange faste tradisjonar og det er noko trygt og godt med tradisjonar. Me veit kva me skal gjera i førebuinga til julehøgtida, sjølv om det gradvis kjem endringar. Våre ektemakar er gjerne vande med andre tradisjonar enn me. Då prøver me gjerne å omstilla oss slik at me tek med litt frå våre og litt frå deira tradisjonar.

Det kan m.a. vera viktig kva me skal eta julaftan. Eg er oppvaksen med lutefisk med poteter og heimebaka flatbrød som me smurde heimekinna bondesmør på. Då kunne me laga "bete" med lutefisk og poteter. Og eit slikt måltid åt me berre julaftan, ikkje elles i året.

Etter kvart kom pinnekjøtt, og i seinare år kalkun på bordet. Då vart det lutefisk enten vesle julaftan eller andre juledag, og pinnekjøtt nyttårsaftan. Slik hev me dei viktigaste rettane med oss, om ikkje på sjølve julaftan. Men eg tykkjer framleis at dei middagsrettane som høyrer jula til berre skal etast då. Går ein på såkalla julebord frå oktober og utover vert det ikkje dei rette forventningane til lukta av dei vande julemiddagsrettane frå kjøkenet.

Andre ting hev og endra seg. Me fekk radio i 1936, og då fekk me og litt julesongar og gudsteneste den vegen. Men tradisjonen med å lesa juleevangeliet ved middagsbordet i 18 tida julaftan heldt me fast på. I 1960 åra kom det fjernsyn i stova med dei program det hadde. Og etter at me fekk veg til gards i 1970 åra fekk me og ein ny tradisjon med å reisa til kyrkje julaftan. Det hadde me ikkje hatt høve til før.

Slik har våre tradisjonar endra seg litt etter litt. Men grunnen til julehøgtida, Jesu fødsel, er den same. Sjølv om julebodskapen er i ferd med å koma i bakgrunnen for alt ståket om julehandel, som tek til så altfor tidleg.

Jesu fødsel førte til eit skifte i tidsrekninga. Før eller etter Kristi fødsel.

Lat då dette at det er markeringa av at det vart fødd oss ein Frelsar alltid vera det sentrale og viktigaste med julehøgtida !

Redaksjonen ynskjer alle ei velsigna julehelg !

Gud har fått ny adresse

«Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede», seier engelen den natta då Jesus vart fødd (Luk 2,10). Dei orda er sanne. Julenatt er vendepunktet i tida, høgdepunktet for kjærleiken, utgangspunktet for frelsa og midtpunktet for tilbedinga.

Det har tatt tid for meg å sjå det slik. Som prest har eg bora og bora i juleevangeliet, eg skal jo seia noko nytt om den gamle bodskapen kvar einaste jul. Men det har skjedd med meg som med så mange andre: På vegen inn i tekstane vart merksemda fanga av det ytre: Det vakre ved at det handlar om eit barn. Det sørgjelege ved at der var så lite gjestmildskap på jorda. Maria som var fortvila og gjetarane som var forskrekka. Vi må lengre inn i bodskapen. Lengre inn og djupare ned.

Jesu fødsel markerer vendepunktet i tida. Gud har meldt flytting og skifta adresse. Han har flytta inn i gatene våre, heimane våre og i dei risikofylte livsprosjekta våre. No er det «før og etter Kristus».

Og det har han gjort utan nokon som helst garanti for å verte tatt imot. Julenatt er høgdepunktet for kjærleiken. Gud tok på seg menneskekropp, endå han visste at det ville kosta han dyrt. Med evig kjærleik har han elska oss (Jer 31,3). No orka han ikkje vente på oss lenger.

Julenatt er utgangspunktet for frelsa. Det er klårt at det måtte koma eit framhald. Den store frelseshendinga fann stad då han døydd for oss på krossen. Men utgangspunktet er hendinga julenatt, då Gud vart menneske. Vi fekk ein bror som kunne ta over på våre vegner i møte med synda og dauden og Satan si makt.

Derfor vert julenatt midtpunktet for tilbedinga. Guds grenseoverskridande handling er så vidunderleg og merkeleg at den eigentleg berre kan møtast sakssvarande i tilbedinga. Vi leiter etter ord og formar dei i lovsong. Vi lengtar etter svaret og finn det i stilla. Saman med englane i himmelen seier vi:

«All lov og pris og visdom, takk og ære, makt og velde høyrer vår Gud til all æve.» (Op 7,12).

Ole D. Hagesæther

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Direkte innval:

Haldis Midtun 56 19 22 71

Helge Kolstad 56 19 22 72

Johannes Melve 56 19 22 82

Brigt S. Skeie 56 19 22 83

Liv Skoglund 56 19 22 84

Kåre Rivenes 56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellestråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Anne Mari Persen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Gjerstad: Berit Solberg

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Einar J. Selvik

Hosanger: Gyda Tveiten Lewis

Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

Forbereiding til jul i gamal tid

Ved Andreas Reigstad



Det var ei svært travel tid for store og små, i mine gutedagar, fram mot jul. Alt skulle gjerast. Ingen ting gløymast.

Det trongst mykje ved til, koking, baking og klæsvask. Me gutar laut tidleg læra å bruka sag og øks. Alt på treet skulle nyttast, greiner og den tynne topp.

Stovegolvet skulle skurast med skuresand. Det var ein

ekstra sort stein som var vanskeleg å finna her på garden hjå oss. Det var ein gulaktig stein, og sprø i strukturen. Eg minnest at far min rodde til Hylkje og henta slik stein. Det var då oss gutane sin jobb å knusa den og mala den til fin skuresand. Det verke nok i hand og arm når me var ferdig med ein slik jobb.

Julegrana skulle hentast or

skogen. Det var far sin jobb til å finna det finaste treet som fanst skogen, i rette storleiken. Kornbandet måtte på plass. Fuglane skulle og hava litt ekstra i jula.

Me gutane laut vera med på ymse vis, gå ærend, bera inn vatn, då me ikkje hadde innlagt spring. Og moro var det og trinsa ut småkaker i ymse fasongar. Storgjulaften var ein travel dag. Alle halmmadrasser skulle i løa for tømning av den gamle halmen. Ny og frisk halm måtte pakkast godt i, så me fekk liggja høgt og luftig julenatta.

Så var det julebadet ! Den store ovale sinkstampen vart henta inn i stova. Kroppane skulle og vera reine til jul. Juletreet vart pynta og så tok festen til. Og det siste verset frå songen : Store Gud og Frelsarmand ; skriven av samlediktaren og biskop Thomas Kingo, tona ut ved festbordet. Dette verset hadde gått frå generasjon til generasjon i familien. Det lyder slik :

*Søde Jesu Davids rod.
Jeg vil dig med bøn og bod.
Rede og berede sted.
I min sjel og hjerte med;
Tag det hen, og dan det bedst;
Kom her ind og vær min gjest.
Giv en salig julefest.*

God jul med Jesus.

Ungdomstankar kring juletider

Ved Lene B. Midttun

Etter at eg vart spurd om å skrive nokre ord om jul, har det dukka opp mange tankar hjå meg. Kva har jula å seie for meg? Jula kan vere så mykje, alt frå gåver og pinnekjøtt til gudstenester og familiebesøk.

Ofte vert jula til noko heilt anna enn det ho er. Allereie i oktober finn vi julebrus, kalendrar og kakemenn i butikkane. Reklamane hopar seg opp i postkassen – ”Skund deg å kjøpe dei beste julegåvene hjå oss”. Det er verkeleg eit mareritt å gå på handling ein laurdag i desember. Vi finn sjeldan fleire stressa menneske enn då.

I alt stresset trur eg mange gløymer kva jula verkeleg dreiar seg om. Jula skal vera ei høgtid der vi minnast grunnen til at vi i det heile tatt feirar jul. Gleda over at Gud sende son sin til jord burde vera mykje større enn gleda over at ein fekk det ein ynskte seg.

Jula er også ei tid for fellesskap og fred. I jula har folk tid for kvarandre. Det er noko av det beste tykkjer eg. Å berre vera saman med familie og vener, utan å gjere noko spesielt. Eg likar så godt å sjå på alle dei glade og forventningsfulle barneandleta på julaftan. Eg trur Gud frydar seg når Han ser at borna Han elsker er glade. Han likar at vi kosar oss og har det bra.

Heime hjå oss brukar vi alltid å lese juleevangeliet før vi tek til å ete julemiddagen. Eg tykkjer det er ein fin ting å gjere, då vert vi minna på kva som er det viktigaste med jula og vi kan glede oss over det.

Eg vonar jula 2005 vil verte ei fredfull jul, med tid til ettertanke og glede.

”Ære være Gud i det høgste, og fred på jorda blandt menneske som Gud har hugnad i”!

Ein liten kommentar til bilete på framsida

Då eg vart spurd om å laga framsida til ”Kyrkjeyhelsing” sitt julenummer, fekk eg problem kva motiv skal eg velgja? Når ein står heilt fritt er det ofte vanskelegast. Til slutt byrja eg tenka på Maria og Jesus-barnet. Eigentleg et banalt tema som har gått igjen i tusenvis av utgåvar. I gamal tid blei Maria og barnet framstilt i datidens tidsånd og moter. I nyere tid har temaet fortsatt blitt framstilt i gamal

stil. Eg vart sittande og fabulera over temaet, og til slutt stilde eg meg sjølv følgjande spørsmål: Korleis ville Maria og barnet sett ut om dei var fødd i vår tid? Maria var som kjend ei tenåring då ho fødte Jesus. Ho var om lag på alder med våre dagers konfirmantar. Eg velgde å skapa bilete ut frå desse ideane. Ho ser ung og uskuldig ut, men samtidig open og nyfiken, slik dagens

tenåringar er. Med sine brune auge kan ho komme kor som helst frå. De som studerar bilete får sjølv trekka eigne konklusjonar. Eg vonar at ingen vert støtt av mine dristige og utradisjonelle tankar. God Jul!!

E. J. S.

Tysse søndagsskule

Ved Magnhild Vonheim

*Til søndagsskulen går min veg
der er det godt å vera.
Der alltid Jesus møter meg
Han vil eg alltid æra.
Han kjenner meg og har meg
 kjær.*

*Ja, beste venen min han er,
Å, Jesus, ver meg alltid nær.
Din vil eg evig vera.*

Dette er opningsverset vårt på Tysse søndagsskule. Ein fin flokk born i alderen 3 – 11 år møter trufast fram i bedehuset annankvar søndag. Me er 3 vaksne leiarar som deler på ansvaret kvar gong. "Jesus til borna" er søndagsskulen sin visjon. Me vil gjerne stå saman med heimane og kyrkjelyden i denne oppgåva. Alle born er velkomne til søndagsskulen og me vil gjerne at dei skal trivast og kjenna at dei er verdifulle.

Timen byrjar med lystenning, bøn og song. Borna likar å syngja og me syng mykje. Gamle kjenningar som "Min båt er så liten" "Kven har skapt alle blomane". "Om eg er liten eller stor" er alltid populære, men dei er og flinke til å læra nye songar. Me prøver å læra eit bibelvers

kvar gong, og har truedkjenning og offer som faste innslag. Dei som har hugsa å ta pengar med får leggja dei på bøssa som står framme. Pengane som me samlar inn sender me til ein fattig kyrkjelyd i Russland, slik at dei kan ha søndagsskule. Me har fått ein fin plakat som "takkebrev" frå dei med bilde og helsing. Bibelteksten er viktig i søndagsskulen. Me brukar eit opplegg med tekstar både frå det gamle og nye testamentet slik at borna skal få med seg det

sentrale i heile Bibelen. Me brukar flanellograf og det er eit godt hjelpemiddel når me fortel. Etter bibelteksten har me gjerne ein aktivitet t.d. spel, teikning, farging.

Ein søndag i advent har me felles frukost på søndagsskulen. Då kan foreldre, søsken, familie vera med, og me har det koseleg med god mat, kakao og tende lys. Om våren plar me vera med til Raknestunet og ha felles avslutning før sommaren saman med dei andre søndagsskulane på Osterøy.



Soga om Gjerstad kyrkje

Gjerstad sokneråd har eit restopplag av den nye utgåva av boka «Soga om Gjerstad kyrkje».

Boka er tilsals og ein kan ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 56 19 22 72.

Prisen er fastsett til kr. 150,-.

Familie- nytt



BRUVIK

Bisette:

08.11. Alfred Johan Bruvik (f. 1929)

HAUS

Døpte:

25.09. Andrea Langhelle Rolland

25.09. Esperanza Fossheim Galaz

Vigde:

29.10. Therese Nesthus og Kenneth Henriksen

Gravlagde:

04.10. Anna Bjørsvik (f. 1940)

10.11. Jørgen O Mjelde (f. 1936)

GJERSTAD

Døpte:

09.10. Markus Høylo Tufteland (døpt i Hosanger kyrkje)

16.10. Kristine Myking Søgnesand (døpt i Hamre kyrkje)

13.11. Fredrik Lone Kallekleiv

Gravlagde:

16.09. Gunnar Vevle (f. 1919)

19.10. Hans Lillejord (f. 1922)

08.11. Jim Kåre Skjerping (f. 1920)

HAMRE

Døpte:

02.10. Nikolai Hundven Undertun

16.10. Leonard Valestrand Eike

16.10. Vegard Brakvatne Wie

30.10 Mats August Iversen

Velsigning inngått ekteskap:

30.09. Liv Skoglund og Ulf Sverresvold

Gravlagde:

13.07. Johannes og Ådne Angelskår Mjelde (f. 2005)

13.10. Theodor E. Mjelstad (f. 1919)

HOSANGER

Døpte:

18.09. Hilja Gjelsvik Rundhovde

09.10. Robin Alexander Beckstrøm Lindroos

09.10. Leif Rune Tepstad Herland

09.10. Sebastian Bjørsvik

23.10 Henrik Hole Styve Mjelde

23.10 Tobias Rongved Fitje

30.10 Linnea Edvardsdal (døpt i Hamre kyrkje)

06.11. Mathias Svidal Lone

06.11. Ingeborg Svidal Lone

06.11. Stig Jostein Loftås

Gravlagde:

27.09. Johannes J. Bernes (f. 1910)

12.10. Henning A. Fotland (f. 1920)



Dåp

Det høver med dåp desse dagane

Hamre: 12/2

Hosanger: 19/2

Haus 8/1 og 19/2

Gjerstad 15/1

Bruvik: 12/2



Velkommen til kyrkja

2.sundag i advent 4.desember. Luk.12,35-40

Hosanger kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av Kyrkjebok til fireåringane. Takkoffer til Nordhordland indremisjon..

Gjerstad kl.19.00. Lysmesse. Gudstenesteleiar Alf R. Kallestein og kateket Mia Krüger. Takkoffer til Redd barna.

3.sundag i advent 11.desember. Matt.11,11-19

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Osterøy kyrkjekor. Nattverd. Takkoffer til Nordhordland indremisjon..Soknemøte om ny tenesteordning for kyrkjelydsprest.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Children at Risk Foundation.

Laurdag 17.desember

Gjerstad kl.19.00 "Vi lovsyng jula inn "

4.sundag i advent 18.desember. Joh.3,26-30

Tysse bedehus kl.11.00. Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Radio Osterøy.

Bruvik kl.17.00. Lysmesse og julekonsert. Haus musikklag og konfirmantane deltek.

Jolaftan 24.desember. Lukl.2,1-14.

Bruvik kl.12.30 Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp

Hosanger kl.14.30. Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Fotlandsvåg musikklagdeltek.

Gjerstad kl.14.30. Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Hamre kl.16.00. Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Hamre/Hjellvik musikklag spelar.

Haus kl.16.00. Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Haus musikklag spelar.

1.joledag 25.desember. Joh.1,1-14

Haus kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Det

norske misjonsselskap (NMS). Nattverd.

Hamre kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Valestrand musikklag spelar. Takkoffer til NMS.

2.joledag 26.desember. (Stefanusdagen). Matt.10,32-39.

Gjerstad Høgtidsgudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til NMS.

Hosanger kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Nattverd Takkoffer til Kirkens bymisj, Bergen.

Nyårsaftan. 31.desember. Joh.14,27.

Hosanger kl.23.00. Midnattsmesse. Skeie

1.jan. Nyårsdag. (Jesu namnedag).4.Mos.6,22-27.

Gjerstad kl.11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Norsk misjon i aust.

8.januar. Kristi openberringsdag. Joh.8,12.

Haus kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Presentasjon av nytt sokneråd. Takkoffer til Normisjon.

15.januar. 1.sundag etter Kristi openberringsdag. Joh.1,29-34.

Hamre kl.11.00 Høgmesse. Skeie. Nattverd. Presentasjon av nytt sokneråd. Takkoffer til Ungdom i oppdrag.

Gjerstad kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av "Godt nytt" til 11åringane. Presentasjon av nytt sokneråd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

Bruvik kl.19.00. Gudsteneste. Melve. Nattverd. Presentasjon av nytt sokneråd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

22.januar 2.sundag etter Kristi openberringsdag. 2. Mos.17,1-6

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

29.januar. 3.sundag etter Kristi openberringsdag. Joh.4,27-42.

Haus kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

5.februar, Vingardssundagen. Luk.17,7-10

Gjerstad kl.11.00. Visitasgudsteneste. Biskop Hagesæter og prost Hitland Osterøy kyrkjekor. .Nattverd. Takkoffer til Bibelmisjonen. Visitasmøte. Fredheim bedehus, Skistad Kyrkjekaffi.

kl.1300 :

12. februar, Såmannssundagen. Mark.4,26-32.

Hamre kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av "Godt nytt" til 11åringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bruvik kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av "Godt nytt" til 11åringane. Takkoffer til Bibelmisjonen. Kyrkjekaffi

Sion kl.17.00. Felleskyrkjeleg. Bibeldagsmøte.

19.februar, Kristi forklaringsdag. Joh.17,1-8.

Hosanger kl.11.00 Familiegudsteneste. Melve.Utdeling av "Godt nytt" til 11åringane. Takkoffer til Redd Barna.. Presentasjon av nytt sokneråd.

Haus kl.17.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av "Godt

nytt " til 11åringane og "Tre i eit tre" til 6-åringane.Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding (IKO).

26.februar, Sondag for faste. (Fastelavn). Joh.12,24-33.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Institutt for sjelesorg.

5.mars 1.sundag i faste.Matt.126,21-23.

Hamre kl.11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Redd Barna.

8.mars

Haus kl.19.00. Fastegudsteneste. Melve. Osterøy kyrkjekor og konfirmantane deltek. Fastesuppe i kyrkelydshuset.

12.mars, 2.sundag i faste. 1.Kong.18,21-26.39-39.

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer

Bruvik kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer

Tidspunkt for julekonsertar

Tidspunkt for julkonsertar:

Hamre kyrkje 18. desember kl. 19.30. Arr: Hamre musikklag.

Gjerstad kyrkje 18. desember kl. 20.00. Arr: Osterøykoret.

Haus kyrkje 19. desember kl. 19.00. Arr: Haus musikklag

Hosanger kyrkje 21. desember kl. 19.00. Arr: Fotlandsvåg musikklag.

Lysmesse i Bruvik:

Søndag 18. desember kl. 17.00. Haus musikklag

medverkar.

Medverknad Julaften:

I Gjerstad kl. 14.30 medverkar Osterøy Janitsjar.

I Hosanger kl. 14.30 medverkar Fotlandsvåg musikklag.

I Hamre kl. 16.00 medverkar Hamre/Hjellvik musikklag.

I Haus kl. 16.00 medverkar Haus musikklag.

Medverknad 1. juledag:

I Hamre kl. 11.00 medverkar Valestrand musikklag

Kyrkjeskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan kontaktast pr. telefon:

Berit Torp 56 39 03 59

Einar Johnny Selvik 98 06 48 54

Sigrid Mjelde 56 39 01 04

Kyrkjeskyss til Bruvik

Ring Wenche Fiskeseth tlf. 56 39 18 21

Otto Mo tlf. 56 39 19 42

KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53

Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykker det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.



50-årskonfirmanter i Gjerstad. 1. rad frå v: Berta Hauge Vevle, Jorunn Skistad Holsen, Johannes Melve, Kari Margreta Solberg Rundhovde, Signe Jorunn Hagebø Rolland. 2. rad frå v: Erna Solveig Kleppe Lone, Bjørg Lisa Mæle Søreide, Ellen Tveiterås Bratland, Audun Mæle, Torleif Eriksen, Kjellaug Maria Rød Pedersen, Kjellaug Mæle Hartveit. 3. rad frå v: Lars Fjeldstad, Kjell Magne Hannisdal, Svein Låstad, Kåre Guttorm Solberg, Håkon Holsen, Aksel Ole Birkeland
Foto: Rune Solberg



50-årskonfirmanter i Hosanger. 1. rad frå v: Sylvi Oline Hella Loftås, Brigt Sigve Skeie, Gunnlaug Birkeland Brakstad, Else Johanne Eknes Myhr. 2. rad frå v: Mary Alis Tveit Kvamme, Marta Aud Børslid Eikeland, Astrid Maria Njåstad Hansen, Turid Bysheim, Ruth Sigrid Hellan Sekkingstad. 3. rad frå v: Haldor Hole, Nils Harald Nordås, Malvin Artur Sæle, Arild Kåre Tysse. Foto: Rune Solberg



50-årskonfirmantar i Hamre. 1. rad frå v: Irene Kvamme Nordskog, Solbjørg Haukås Bjørnevoll, Rut Maria Nundhovde Rød, Jorunn Annborg Hauge Hufthammer, Brigt Sigve Skeie, Jorunn Hjelmås Ekkeren, Klara Abbedissen Torget, Astrid Tvedt Nilsen. 2. rad frå v: Erik Eikeland, Jorunn Reigstad Fjærvoll, Marta Oddny Tufta Kallekleiv, Else Margrete Dale, Gunnlaug Marie Hamre Raknes, Gerd Oddrun Elvik Odland, Karin Tepstad Mjelstad, Anny Øvstegård Sakseide, Inger Henriksen Hellem, Ole Angelskår. 3. rad frå v: Bjørn Arthur Mjelstad, Magnus Johannes Hagesæter, Egill Engeseth, Ola Kleppe, Kjell Magnus Heggertveit, Emil Midtgård, Jan Bjørn Børtveit, Bjørn Solberg Reigstad, Ole Hjelmås
Foto : Rune Solberg



50års konfirmantar i Haus 23.10. 1.rekkje frå venstre: Gunvor Aabrekk, Margun Vatle Gløsen, sokneprest Melve, Britt Johannessen Holsen, Helga Bjørsvik Andersen. 2.rekkje frå venstre: Norvald Einar Mjelde, Arvid Gunnar Herfindal, NilsMæhle, Knut Helge Hernes. (Foto: Einar Johnny Selvik)

Ein prat med dagleg leiar på kyrkjekontoret og kyrkjeverje i Osterøy

Helge Kolstad

ved Olav Meltvik

**Helge Kolstad !
Redaksjonen i
"Kyrkjehelsing" ynskjer
deg velkomen som dagleg
leiar på kyrkjekontoret, og
kyrkjeverje.**

**No er det slik at når det
kjem nye personar i slike
stillingar vil gjerne både
me og våre lesarar få vita
litt meir om deg, Me vil
difor få stilla deg nokre
spørsmål**

*Kor gamal er du ? Er du gift og
hev born ? Kvar er du busett ?*

Jeg er 55 år og gift med Astrid og vi har to voksne jenter. Vi er bosatt på Bønes i Bergen, et utbyggingsområde som ble utbygget fra og med ca. 1980 med ca. 10.000 innbyggere. Bønes er en bydel som, tross mange innflyttere på kort tid, har vert spart for de største etableringsproblemer blant ungdom og er således en god bydel å bo i.

*Kva utdanning har du, og kva
stillingar hev du hatt tidlegare ?*

Jeg er utdannet sosionom og diakon frå Det norske diakonhjem i 1977. I tillegg til denne utdannelsen har jeg også tatt noen grunnfag innimellom, og seinest våren 2004 var jeg ferdig med et grunnfag fra Høgskolen i Stavanger med

innhold : Kirkelig administrasjon og ledelse. Dette er en utdanning som er tilpasset for kirkeverger. Det meste av min yrkesaktive periode har jeg arbeidet som sosionom på Eikelund skole/kompetansesenter i Bergen. Jeg arbeidet der i 23 år og sluttet i 1998 for å gå over i stilling som avdelingsleder for gravferd/kirkegård i Bergen kirkelig fellesråd. Etter fire år i jobben innen gravferd i Bergen, har jeg de siste to årene arbeidet som daglig leder i Storetveit og Bønes menigheter i Bergen. I Bergen har man fram til nå hatt en ordning der hver enkelt menighet har hatt en egen administrasjon med egen daglig leder. Dette blir det en endring på ved utgangen av dette året på grunn av Bergen kommunes dårlige økonomi med store nedskjeringer, blandt annet på kirkelig sektor. Jeg har således litt over seks år tjeneste i Bergen kirkelige fellesråd før jeg tok til i tjensten på Osterøy.

*Kvar var det som gjorde at du
søkte på stillinga som dagleg
leiar på kyrkjekontoret på
Osterøy då den vart ledig ?*

Det er flere grunner til at jeg søkte stilling som kyrkjeverje på Osterøy. En av grunnene er de endringer som i disse dager skjer for kirken i Bergen. Hadde jeg stått i stillingen som daglig leder i menighet, så ville arbeidsinnholdet i denne stillingen blitt vesentlig endret.

Jeg liker å jobbe tett opp til medarbeidere og "vårt kirkelige publikum" og er ikke sikker på at jeg ville hatt de samme muligheter ved fortsatt arbeid i Bergen kirkelige fellesråd. Dette sammen med at jeg tok en "kirkevergeutdanning" for noen år siden falt sammen i tid når stillingen som kirkeverge på Osterøy ble lyst ledig rundt påsketider i år. Da jeg begynte på kirkevergeutdannelsen for tre år siden, så var det kanskje med det i bakhodet at nye muligheter på kirkelig sektor kunne dukke opp. I tillegg liker jeg nye utfordringer både når det gjelder arbeidsoppgaver og medarbeidere. Når stillingen på Osterøy var ledig, visste jeg med en gang at den utfordringen tok jeg mer enn gjerne.

*Du har no vore tilsett i nokre
veker, trivst du på kyrkjekontoret
?*

Jeg trives veldig godt på kirkekontoret og med staben rundt om i kirkene, selv om alle klokkere, kirketjenere og renholdere har svært små stillinger. Jeg har fått hilst og snakket med alle, og det er en fin arbeidstokk og gode kollegaer jeg er omgitt av. Jeg gleder meg til å bli enda mer kjent med disse som har en fin innstilling til arbeidet og ekte engasjement for det kirkelige arbeidet på Osterøy. Jeg har også fått et svært godt inntrykk av gode kollegaer på Rådhuset som også gjør noen oppgaver for Osterøy kirkelig

fellesråd.

Har du spesielle interesser, hobbyar ?

Mye av fritiden de siste årene har gått med som frivillig medarbeider i Bønes menighet. Menigheten har finansiert og bygget egen kirke med plass til 280. I tillegg har menigheten fram til nå nylig også utført alle arbeidsoppgaver i forbindelse med gudstjenester og andre arrangementer på frivillig basis bort sett fra preste- og organist tjenesten.

I tillegg til dette engasjementet spiller jeg i Bønes Brass. Jeg er messingblåser og spiller baryton, og musikk har jeg svært stor glede av. Regner også med at det framover blir svært mange timer i bilen til og fra jobb med god musikk over høytalerne.

Osterøy har 5 kyrkjer, har du vore innom alle dei enda ?

Jeg har til nå vært på gudstjenste i fire av kirkene på Osterøy, men jeg har vært innom alle. Har som målsetting at jeg skal minst ha en gudstjenste med meg i måneden på Osterøy. Som kirkeverge er det viktig for meg å bli kjent med kirkegjengerne og ikke minst med soknerådsarbeidet rundt om kring i våre fem sokn.

Soknerådene skal legge til rette for det kirkelige arbeidet i soknet. For at kirkevergen skal være med på å tilrettelegge for dette viktige arbeidet, må jeg vite hva soknerådene tenker og hvilke forventninger de har til fellesrådet. Det er nylig valgt nye sokneråd og svært mange nye er valgt inn i rådene. Jeg vil prioritere å bli fort kjent med disse, for at vi kan stå sammen om de utfordringer som ligger foran oss.

Osterøy har i fleire år hatt svært tronge kyrkjebudsjett, så det vert vel ikkje noko enkel oppgåve i haust heller, å saman med fellesrådet prioritertera og sy saman budsjett for neste år ?

Vi starter i disse dager opp drøftingene med politikerne når det gjelder løyvingar til kirken for 2006. Jeg har kort tid på


kirkekontoret, men jeg skjønner at kommunen generelt har store utfordringer når det gjelder økonomien. I møtene med politikerne må vi fremme krav som gjør at vi kan avholde de gudstjenester som biskopen forordner , på en verdig måte. Det er etterslep på vedlikehold på kirkene og vi har krav på oss fra eksterne instanser som fellesrådet ikke tidligere har kunne innfri. De økonomiske utfordringene blir mange også i tiden framover. Vi får håpe at løyvinger til kommunene blir bedre i årene som kommer fra statlig hold, slik at også fellesrådene får midler til å gjøre i alle fall det mest nødvendige. Det hadde heller ikke vært dumt med direkte overføring til kirken fra statlig hold til for eksempel kirkevedlikehold. På det området har vi en utfordring. Det som har vært gjort den siste tiden og som gjør at kirkene på Osterøy er i noenlunde stand, er den betydelig innsats som er gjort rundt om i soknene. Enkeltpetrsoner og kirkeforeninger har påtatt seg

ansvar som pr. lov er pålagt fellesrådet. I tillegg til utfordringen med selve kirkebyggene, har vi kanskje en enda større økonomisk utfordring når det gjelder gravplasser i kommunen. På noen av kirkegårdene begynner det å ta slutt på ledig areal til ny gravlegging, og det å få utvidet/anlagt nye kirkegårdsfelt er svært kostbart. Det er mest prekert når det gjelder plass på Hosanger kirkegård.

Kyrkjehelsing takkar for praten og ser fram til godt samarbeid framover.

Jeg er glad for utfordringen som kirkeverge på Osterøy. Ser fram til arbeidsoppgavene og ikke minst samarbeid med alle frivillige i soknene, i fellesrådet, tilsette i kirken og samarbeidet med politikerne.

Jeg ønsker å få være med i viktig arbeid på Osterøy for å gjøre Kristus kjent, trodd, elsket og etterfølgd.




Soknepresten har ordet

Jol = Jesus til alle

For over 2000 år sidan hende noko som er like gyldig og aktuelt i dag. Då vart verdsens Frelsar fødd. Jolenatt lydde det ein bodskap om ei glede for alt folket, for alle menneske. Så sant me trur på Jesus, trur me at hans liv og gjerning var for alle menneske i heile verda. Han kom ikkje berre til jødane med frelsesbodskapen, han forkynte og levde for at alle menneske skal verta frelste og kjenna sanninga. Jol ber bod om ei hending som gjeld alle menneske. Jola er difor ikkje råd å halda for seg sjølv. Jolenatt sprengde Gud grensene mellom himmel og jord. Han er grensesprengjane og har ein bodskap som må delast, må ut til alle menneske.

Det heiter at kyrkja vår skal vera ei *vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje*. Når eg

skriv dette, er Kyrkjemøtet samla på Lillehammer for å diskutera kva det vil seia at kyrkja er misjonerande. Eg veit ikkje kva Kyrkjemøtet kjem fram til. Ordet misjon har ikkje eintydig positiv klang i dag. Somme seier difor at ordet misjon er ubrukande for menneske anno 2005. Andre vil halda fast på ordet trass alt. Dei meiner at me ikkje kan finna andre ord som dekkjer denne saka like godt. Det mest alvorlege er ikkje å skifta ut eit gamalt ord med eit nytt, det verste er når sjølv saka vert forkasta. Og i våre dagar har det kome røyser som ikkje vil at kristne skal driva misjon. Jesus er ikkje lenger **Vegen sanninga og livet** for alle menneske. Me kallar tida for postmoderne, og eit av kjenneteikna for vår tid er at det ikkje finst ei sanning. Kvar menneske lyt finna si sanning, sin veg og leva sitt



liv.

Her er det motviljen mot misjonen typisk for postmoderne tankar. Jesus er alltid like moderne, for han er alltid like umoderne. Han går aldri inn i våre tankar. Likevel gjekk han inn i våre kår, og vart menneske, og dette underet vert me aldri ferdige med. Difor feirar me jol framleis. Difor kaallar Gud oss til å vera misjonerande framleis.

J.M.

Vaktteneste for prestane

Frå 12.juli vart den nye vaktordninga sett i verk. Osterøy er med i Arna og Åsane prosti (den same området som politiet er med i). I tidsrommet 17.00 - 0800 på kvardagar og i helgane/høgtidene frå kl.0800 er det alltid ein prest i beredskap i prostiet. Ved behov for teneste som ikkje kan venta (dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg /støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med vakthavande prest på mobiltelefon nr. 95 47 91 57.

Bok om Solveig Jernquist

Det er no råd å få tak i boka som handlar om Solveig Alice Jernquist (1922 – 2004) sitt liv og virke.

Solveig Jernquist var for ostringar flest kjend som helsesøster, ho var tilsett i Osterøy kommune frå midt på 1970 – talet fram til 1989. Men før den tid, i om lag 20 år, arbeidde ho i Afrika som sjukepleiar og jordmor på misjonsmarka i Kongo. Mesteparten av boka handlar om denne tida, ein dramatisk periode der Belgia avslutta kolonitida si og landet etterkvart blei arena for borgarkrig og etniske utrenskingar. Uroa i landet er slett ikkje over, framleis kjem det meldingar om masakrar og krigstilstandar frå dette området som frå naturen si side er så rikt.

Solveig var pinseven og utsend av "Tabernaklet" i Bergen. Opplæringa og praksisen ho hadde frå Noreg kom godt med i Kongo, der ho måtte ta mange avgjerder på eiga hand. Den første tida arbeidde ho også utan lege. Då doktor Osvald Ørlien kom ut, var Solveig med på å byggja opp helsestasjonen på misjonsområdet.

I boka fortel Solveig om store og små episodar, om dramatikk og kvardag. Det handlar om keisarsnitt utført i lyset frå ei lommelykt, om flukt ut or landet i kuleregn, om kampen mot overtru og medisinnmenn. Vi møter ei dame som i utgangspunktet knapt kjende seg

tøff nok til ei slik teneste, men som i sanning vaks med oppgåvene.

"Solveig Jernquist – et liv i tjeneste" er fortalt med Solveig si eiga

stemme. Dei som kjende henne, skal kunna høyra klangen av stemma hennar gjennom teksten, som er ei redigering av opptak eg gjorde med henne i november 2004. I tillegg vil de finna som sideartiklar slikt andre skreiv om henne. Det er avisartiklar, vekebladreportasjar, notisar frå ulike tidsskrift o.l.

pluss eigne notat Solveig hadde i papira sine. Vidare har eg lagt ved noko av brev - korrespondansen hennar, som i høg grad dokumenterer den omfattande innsatsen ho har gjort.

Som om dette ikkje var nok, er Solveig også hovudfotograf i si eiga bok. Heilt frå ho reiste ut første gongen i 1955 har ho nytta kameraet ofte, og fotoutstyret hennar har vore av svært god kvalitet. Vi kan gleder oss over fargebilete som ser ut som om dei er tekne heilt nyleg, og Solveig hadde stor sans for motiv og fotodokumentasjon.

Då eg for eit års tid sidan spurte Solveig om ho kunne tenkja seg at det blei laga ei bok om henne, svara ho straks ja. "Slik at de som kommer etter

SOLVEIG JERNQUIST - ET LIV I TJENESTE

Nedtegnet av Kristoffer Foldøy



oss kan få vite hvordan vi hadde det", la ho til. Men for meg er boka om Solveig ikkje berre misjonshistorie. Dei presise tidsskildringane hennar er også kulturhistorie og historisk dokumentasjon. Og over det heile står livsgjeringa hennar der som ein berande boge, monumental og som eit førebilete for alle som måtte kjenna seg kalla til å gjera ein innsats for våre lidande brør og systre på jorda.

Boka er innbunden og rikt illustrert. Dei som ønskjer seg eit eksemplar, kan ta kontakt med underteikna på telefon 47 61 81 24, privat 56 39 45 42, eller på e – post kristofferfo@gmail.com Boka vil også ligga ute for sal hjå Osterøy Bok & Papir, Lonevåg, og vera å få kjøpt i resepsjonen på Osterøy rådhus.

Osterøy november 2005,

Kristoffer Foldøy

Å skapa eit kunstverk

Ordet kunst er eit mykje omstridd ord. Kva er vel eigentleg kunst? Kunst kan skapast i alle slags materialer, men er alt som skapast eigentleg kunst. Derom stridest sjølv dei lærde.

I Haus er det skapt eit verk som eg personleg vågar å kalla eit kunstverk. Verket er skapt i gråstein og er den nye kyrkjetrappen. Ein skulle tru at ein trapp berre er ein trapp, noko ein berre trakk opp og ner på. Eg har vore med og fulgd heile prosessen under skapingen av verket, kor utvelgingen av kvar enkelt stein hadde sin meaning og førde fram til ein heilhet som bare kan kallast kunst. Eg står ofte foran trappen og undrar kvifor han talar slik til meg. Ein ting dei lærde er enige om når det gjeld kunst, er at god kunst skal tala til deg.

Når det gjeld skaparen av verket, Atle Bøe, er det å sei at å følgja skaparprosessen, frå ein visjon til ferdig verk var fascinerande å følgje. Ein kan ikkje akkurat sei

at veret var på kunstnarens side, men som om ein indre eld dreiv han fram, vaks verket fram steg for steg.

Atle, me i Haus kyrkjesokn, og ikkje minst me i soknerådet er deg djupt takksame for arbeidet du har utført. Likeeins er me takksame til familien din som som ga slepp på deg kvar kveld i 4 veker.

Eg tenker mykkje på orda i salmen: "Gjør døren høg, gjør porten vid." Tilgjenget til kyrkja har vorte mykje lettare, serleg for dei som er dårleg til beins, og me vonar at dei no våger søka til Guds Hus igjen om været ikkje er det beste.

Eg vil og nytta høvet til å takka alle gjevarane. Utan pengegåvene hadde ikkje trappen vore mogeleg å laga på noverande tidspunkt. Mange takk!!!!

Einar Johnny Selvik,
soknerådsleiar

5 på GATA

ved Sindre Zachariassen
(Konfirmant 2005)

Konfirmasjon for meg betyr å verta litt bedre kjendt med kyrkja sine tradisjonar. Å få et nærare forhold til kristendommen, og nærare forhold til Gud. Rett og slett bli betre kjend med korleis kyrkja fungerer...

*Ole Johnny Hopsdal
(Konfirmant 2006)
Penga!(Ler)

*Karoline Loftås (Konfirmant 2006)
Nei, da har vell blitt ein familietradisjon...

*Helene Knappskog
(Konfirmant 2006)
Nett da samma so Karoline sa!

*Anette Borge (Konfirmant 2006)
For meg betyr konfirmasjonen å gå på Gudstjeneste, lære litt om kristendommen og at det er ein del av familietradisjonen.



Resultat av soknerådsva 2005

No er det halde sokneråds va i alle sokna på Osterøy resultatet av va i Bruvik, Hamre, Haus og Hosanger vart slik:

Bruvik sokneråd:

Medlemar:

Jon Sigmund Løtveit
Magne Roald Vikne
Tove Mostrøm Fjelstad
Tormod Småland
Kari Bruvik
Irmelin Hjelvik
Varamedlemar:
Trond Martin Olsnes
Grethe Lilleheil Ommedal
Eliane Mo
Eivind Hagenes
Frode Skaftun

Hamre sokneråd:

Medlemar:

Inge Arve Birkeland
Kristoffer Foldøy
Jostein T. Reigstad
Åge Clausen
Åshild Rød

Kristine Vedå
Olaug Hartveit
Tove Kleppsvik
Varamedlemar:
Magnhild Daltveit
Agnar Lutnæs
Kari Borge
Svein Olav Sandal
Anne Grete Hartveit

Haus sokneråd:

Medlemar:

Magne Øyvind Antun
Audhild Pernille Myklebust
Torp
Madli Kvamme Hannisdal
Asle Zachariassen
Ståle Daltveit
Bente Jorunn Røskeland Vatle
John Hundhammer
Sylvelin Torp
Varamedlemar:

Frode Johnsen
Einar Johnny Selvik
Ottar Borge
Trygve Solberg
Jørn Sakstad

Hosanger sokneråd

Medlemar:

Marit Jorunn RaknesTepstad
Katja Hjørnevik Litland
Atle Anders Haukøy
Ivar Magnus Tysse
Agnar Karstein Mjøs
Alf Kallestein
Anita Slettebakken Thomassen
Anne Mari Eikefet Persen
Varamedlemar:
Margaret Helen Hanstvedt
Tove Strømme
Laila Myking
Eve-Berit Ramstad Tysse
Arne-Gaute Røslund

Stell av graver


Kyrkjekontoret kan ta på seg stell av graver på dei einskilde kyrkjegardane i Osterøy.

Dette kan gjerast på to måtar, anten ved å betale inn eit større beløp som dekkjer stell av grava for fleire år frametter. Eller ved ei årleg innbetaling på kr. 750,-.

Summen dekkjer:

Utplanting: vår og haust
Til jul: Mosekrans
Til vinter: vinterdekke

Dersom de er interessert i at kyrkjekontoret skal ordna med stell av grav som de har ansvar for, kan de ta kontakt med oss på tlf. 56 19 22 80 eller 56 19 22 71.



Min julesalme

Ved Olav Meltvik

Me tek ein runde i år og med tre spørsmål om julesalmar til ein person i kvar kyrkjesokn.

Her er spørsmåla :

1. Kva for ein julesalme lika du best den tida då du var barn?
2. Kva var det som gjorde at du vart glad i nett denne julesalmen?
3. Likar du framleis denne julesalmen eller er det ein annan du likar betre no?

Berit Vatne Vik, Bruvik sokn :



1. Eg ser for meg det store juletreet i bedehuset heime i Seim. Søndagsskulen har juletefest og me syng : Her kjem me dine arme små-

2. Eg visste kva "arme" betydde. Det var under krigen og me var vel litt arme alle. Men grønsåpelukta i bedehusveggene, varmen frå den digre svarte omnen med krune, lukta av gran og levande lys, fekk fram gleda i oss. Mange av dei som gjekk med bømte klede og dårlege sko i

ringane kring treet og song : "Jesus til din stall å sjå," kom or floren. Det gav ei aning av hest og stall. Kjende meg heime i songen.

"Ned til din tåredimme dal. Der dei deg ikkje anna gav, enn stall og krubbe, kross og grav." Det passa så godt på tida me levde i. Dersom krigen aldri tok slutt, kunne me likevel leva i vona om å "syngja sigersong med alle heilage ein gong."

3. Det er den julesalmen som får fram flest bilde i meg. Ser levande for meg mange som står rundt treet. Gamle folk som no forlengst er borte. "Arme små" som forlengst er blitt besteforeldre. Ser dei stå med augo vende mot stjerna i toppen. Helg i blikket. Høgtid. Står der og syng :

*" Her står me no i flokk og rad
Kring deg, vårt fagre hjarteblad.
Å, hjelp at me og alle må
I himlen kring din kongsstol
stå."*

Helge Johnsen, Hamre :

1.
*Nå tennes tusen julelys.
Det stråler rundt vår jord
Og himlens stjerner blinker ned
Til liten og til stor.*

*Og over land og by i kveld
går julens klare bud
Om han som fødtes i en stall
Vår frelser og vår gud.*

*Du stjerne over Betlehem
Send dine stråler ned
Og minn oss om at julens bud
Er kjærlighet og fred.*

*Til hvert et fattig hjerte send
Et lysstreif i fra sky
Så finner det den rette vei
Og det blir jul på ny.*

2. Denne salmen har eg eit



spesielt minne til, frå skuletida på slutten av 1950-talet. Eg gjekk i tredje klasse på Sandviken skule i Bergen. Vi skulle ha jule-avslutning og læraren vår skulle visa ein film der tema var juletid. "Nå tennes tusen julelys" var gjennomgangssalmen. Men det var ikkje orda og teksten eg minnest så mykje. Nei, det var melodien. Koret som song hadde så fin røyst. Kyrkjeklokka ringde. Orgelet ga frå seg saftige og lyse tonar. Fotografen var kunstnar av beste slag. Og eg felte mange tårar i skjul.

3. Når det gjeld det siste spørsmålet, så har eg aldri hatt nokon favoritt-salme. Men eg likar framleis "Nå tennes tusen julelys" og vert glad kvar gong eg høyrer han. Mest grunna minna frå denne skuledagen. Også med sterke minne frå det som skjedde i Ungarn i 1956. Eg var 7 år gamal. Tenkte på menneska der. Hendingane vart slått stort opp i avisa, og vi høyrde om det i radioen. Sterke politiske krefter sto mot ein annan og makta viste musklar. Når det gjeld innhaldet i "Nå tennes tusen julelys", var det

neppe tema for mitt forhold til salmen. Men etter grundigare analyse av teksten, så er det noko stort og altomfattande med orda og innhaldet som i dag gjer meg glad.

Songen fortel om kjærlyghet og fred til oss alle. Vi vil ha ei jul på ny. Det vil alle. Kvar på vårt vis. Vi har ein frelsar og ein gud. Salmen er raus. Salmen gir von og trøyst. Ingen peikefingerpreiken. Difor står "Nå tennes tusen julelys" som ein lys og endå større minnerik salme for meg - den dag i dag.

Rune Revheim, Gjerstad.



1. Me har ei oppkoma av gode julasalmar i Noreg. Salmar som me er vorte glade i. Det er vanskeleg å peika ut ein som ligg nærare hjarta enn dei andre. Dei fleste julasalmane eg kan, lærde eg i folkeskulen. Allsongtimane me hadde, er svært gode minne å tenkja attende på. Trur nok den salmen som tok meg mest då var Landstad sin "Fra fjord og fjære"

2. Det var noko heimekjent over bileta denne songen gav meg. "Til kirken samle Sig fra hver gård og grend, de unge, gamle Av kvinner og av menn" Eg såg føre meg kyrkjefolka som samlast ved Gjerstadkyrkja 2. juledag. Dette var før både bilar og kyrkjebussar, men det var trongt både i benkane og på

galleriet ein slik kyrkjedag.

3. I ungdomen gjekk eg på Fana Folkehøgskule. Der vart eg kjent med Jakob Sande sin julesalme. Det lyser i stille grender. Han var nok ikkje stoverein i kyrkja den tid, men me song han mykje, og vart glade i han. Seinare har denne salmen gjenge sin sigersong over heile landet, no er han allemanns- eiga. Skal eg seia kva salme som er kjæraste, må eg tenkja meg om. Det er nok Fager er jordi, som gjev største høgtidskjensla no. "Fager er jordi, herleg er guds himmel," Eg tenkjer med ein gong på Nordahl Grieg sine ord "Edelt er mennesket, jorden er rik. Finnes det nød og savn, skyldest det svik." Det er ei god jord me har fenge å ta vare på. Kunne me berre læra oss å dela likt. Det er inga naturlov som seier at me kan eta 5 måltid for dagen, medan andre må venta i 5 dagar på neste måltid. "Gjennom dei fagre rike på jordi, gjeng me tilparadis med song." Lat oss finna styrkje og kraft til å nøya oss med vår del av kaka. Det vert mykje å gje slepp på, men me treng ikkje meire. Då får heile verda ganga "til paradis med song."

Else Østerbø Mjelde, Haus :



1. "Eg er så glad kvar julekveld."

2. Det var høgtid over jula heime. Det var for langt å reisa til kyrkje julafta.

Me sat stille og stivpynta kring radioen og hørte kyrkje-klokkene ringja jula inn, juleevangeliet og dei kjære gamle julesongane. Så kveikte me lysa på juletreet, og det er denne stunda eg minnest kvar gong eg hører "Eg er så glad kvar julekveld."

3. Difor likar eg denne songen den dag i dag.

Atle Haukøy, Hosanger :



1. Når eg tenkjer etter må det bli "Eg er så glad kvar julekveld." Sjølv om det er mange som er like fine.

2. Det er noko med denne julesalmen, ein følte på kropp og sjel at no var det jul, og ho mor ho tente alle lys som skein i kvar ei krå. Så etter alle julefordelerser så var jula no komen.

3. Kanskje eg gjer det. Tida har no forandra seg ein del sidan eg var liten, Du hører julesongar i kjøpesenter, og konsertar lenge før jul, for å skapa julestemning. Men skal ein føla julehøgtid heldt eg på dei gamle jule- salmane som den som eg drog fram "Eg er så glad kvar julekveld." Ein som eg også likar godt no er "Det lyser i stille grender."

Velkomen til biskop Ole D. Hagesæther!

Bispevisitas 1.-5. februar 2006

12 år er gått sidan sist visitas. Mykje har endra seg sidan februar 1994. Denne gongen heiter biskopen **Ole Danbolt Hagesæther**. Med glede ynskjer me han og medarbeidarane hans velkomne til visitas i Osterøy prestegjeld.

Ein bispevisitas skjer berre ein gong kvar 12 år. Bjørgvin bispedøme er så stort at det er vanskeleg å få til visitasar oftare. Visitas er å sjå nærare på kyrkjelivet her hjå oss. Ein visitas kan vera nærgående og ubehageleg. Dei som har vorte kroppsvisiterte veit at det kjennest ubehageleg å gå gjennom ein visitas. Eg har vore med på fleire bispevisitasar. På eit visitasmøte spurde biskopen om presten lærde rett. Det er eit dei områda biskopen skal sjå etter. For meg vart det alvorleg. Lærer og forkynner eg rett? Men biskopen spurde ikkje berre meg, han meinte det sette krav til

kyrkjelyden òg. Veit folk kva som er rett lære? Er kyrkjelyden i stand til å seia kva som er rett kristen tru? Visitas er ikkje berre at presten vert visitert, kyrkjelyden skal òg gjennom det biskoppelege tilsynet. Til ein biskop sitt embete, høyrer det å ha tilsyn med prest, kyrkjelyd og kyrkjer.

Visitasen vil by på travle dagar, men skal òg vera til inspirasjon og glede i arbeidet framover. Ein visitas inneheld samtalar med medarbeidarar, sokneråd, kommune, vitjing på Osterøytunet. Eit bedriftsbesøk vil me og prøva å få tid til. Ulike oppgåver fylgjer med i eit slikt høve.

Me vill særleg nemna inspirasjonskvelden i Haus kyrkjelydshus onsdag 1.februar vera eit fint høve til å møta biskopen. Bjørgvin bispedømeråd har som eitt av sine mål: *Saman som medarbeidarar*. Biskopen vil ta

fram dette området der me alle treng oppmuntring og hjelp. Møtet er ope for alle.

Alle skule- og familiegudstenestene er opne for dei som kan vera med.

Visitasen vert avslutta med visitasgudsteneste i Gjerstad kyrkje. Her vert det visitasmøte, og alle er velkomne til kyrkjekaffi etterpå.

Visitasmøte er biskopen sitt syn på kyrkjelydane, på kyrkjene og alt arbeidet som vert drive rundt om i kyrkjelydane. Her er det òg høve til å koma med spørsmål eller kommentarar.

Me vonar mange vil slutta opp om visitasen og dei ulike høva til å vera med.

Kom og ver med!

Sokneprest Johannes Melve

Program for bispevisitasen 1-5. februar

Onsdag 1.februar

0930	Bruvik. Skule- og familiegudsteneste
1045	Haus. Skule- og familiegudsteneste
1130	Lunch i Haus kyrkjelydshus
1300	Osterøy ungdomsskule. Spørjetime.
1415	Kommunal middag
1530	Møte med kommunen
1930	Inspirasjonssamling i Haus kyrkjelydshus. Biskop Hagesæther: Saman som medarbeidarar.

Torsdag 2.februar

0900	Hamre. Skule- og familiegudsteneste
1100	Hosanger. Skule og familiegudsteneste
1200	Lunch
1300	Gjerstad. Skule- og familiegudsteneste.
1430	Lærarmøte på Osterøy ungdomsskule

1630

1800

Middag

Samtale med soknepresten

Fredag 3.februar

0900	Stabsmøte
1030	Kontorvisitas/ Samtale
1130	Lunch
1200	Samtale
1310	Bedriftsbesøk
1430	Middag
1600	Osterøytunet
1815	Samtale med soknerådsleiarane
1900	Samrådsmøte med alle sokneråda og tilsette. Valestrand bedehus.

Laurdag 4.februar

Biskopen førebur visitasgudsteneste og visitasforedrag

Sundag 5.februar

Kl.1100.	Visitasgudsteneste Gjerstad
	Visitasmøte
	Kyrkjekaffi . Fredheim bedehus, Skistad.